

Samtykkekompetanse og vedlegg om samtykkekompetanse.

Lov om pasientrettar kap 4 A gjeld for personar som manglar samtykkekompetanse og som motset seg nødvendig helsehjelp, jf § 4 A-2.

Det er den som yter helsehjelpa som tek avgjersla om at pasienten manglar samtykkekompetanse. Er helsepersonellet i tvil, skal pasienten ha rett til å samtykke. Samtykkekompetanse kan falle bort for enkelte felt, men ikkje automatisk for alle område. Avgjersla skal *grunngjevast og vere gjort skriftleg* samt nedteiknast i pasienten sin journal.

Når helsepersonell tek i bruk vedtaksskjemaet og dokumenterer manglende samtykke i rubrikk 2, bør det leggjast ved eit *journalnotat som dokumenterer avgjersla*, jf rettleiinga til skjemaet. Då vil helsetilsynet ha føresetnad for å vurdere denne avgjersla og på den måten ta vare på rettstryggleiken til pasienten.